

# Hotelleigar med hjarte for rette staden



*Stordkvinna nekta å akseptera at hotellet skulle stengast, og kjøpte det.*

## **I hovudet til Inger Karin Larsen spinn det jamnt, og Skånevikbygda har okkupert hjarta hennar.**

Drivaren av Skånevik Fjordhotel knekte ankelen stygt i vinter, men kasta seg likevel fram på viljen og i rullestol dit ho ville. For i hovudet spring ho i førevegen med planar både for hotellet, ein levande hage og for bygda. Inne og ute, her og der skaper ho møteplassar for folket hennar, skånevikbuen.

Midtsommarfesten og tiårsjubileumet for Pippifestivalen er store hendingar i Skånevik denne sommaren, i tillegg til Skånevik Bluesfestival.

Stordabuen Inger Karin Larsen har fartstid i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som lokalpolitikar, som statssekretær for Ap, næringsjef i Bømlo og foredragshaldar i næringsutvikling og utvikling av lokalsamfunn, men dette nemner ho kort i ei undersetning når me spør.

No er det her ho er, og Skånevik Fjordhotel skal leva vidare, skulder ved skulder med folket innunder hamrane ved fjorden.

Ho har jobba med utvikling heile livet, og var ein av krumtappane då «Bluesbygda Skånevik» såg dagslys. Folk oppdaga heimstaden sin på nytt då, fortel Larsen, og kastar nokre tankar attende til året

2006. Ti ulike prosjekt vart då rulla opp, og mat og lokalmat var eitt av dei. Bustad, profilering, nyskaping, ungdom, næringshage, friluftsliv og samferdsle var andre satseområde då bluesbygda tok form. Dette var ein del av Kommunal- og regionaldepartementet si småsamfunnssatsing.

– Me fekk 1 million ekstra kroner frå departementet då dei såg kor godt me lukkast. Ho fortel om ungdom som blei verande, unge som kom heim, om nye som flytta til, om ein barnehage som vart sprengt to gonger og om mange nye elevar i skulen.

Ho kjøpte hotellet for 13 år sidan. Då var det nedleggingstrua. Fordi ho likte bygda og folket og fordi ho såg for ein viktig institusjon hotellet var for bygda.

– No har me hatt to år med overskot, med unntak av 2016, der me fekk ein smell på grunn av mange avbestillingar. Med seg på laget har ho fått dottera Janne Nerheim, som driv Strandkaféen i hotellet. Ho tek seg også av marknadsføringa.

– Etter at matklynga Matfatet Sunnhordland kom, har eg mellom anna skaffa meg vaktelegg frå Bømlø, øl frå Fitjar og syltetøy frå Sveio og Kvinnherad. Me fekk auge på dei ulike produsentane rundt i regionen her. Ho kjøper sjølvsgatt også bakst frå femte generasjon Larsen Bakeri, Janne Larsen Sævareid, berre eit par steinkast unna.

– Eg pitlar opp alt eg kan av lokalmat til hotellkjøkkenet. Tilbakemeldingane er gode. Folk set pris på tradisjonsmat og rettar basert på lokale produkt. Me har signaturrettar og me har tapas med kun norske råvarer. Kall det gjerne norsk småmat, om du vil.

– Som småjente drøymde eg om eit raudt lite hus i skogen. Så endra det seg til eit kvitt hus ved sjøen. Så blei det Skånevik Fjordhotell, smiler ho og kastar blikket bort på Peparen, badeplassen, der små nakne føter set spor i sanden og gler seg over sommaren. I hotellhagen er det klappa og klart for den tiande Pippifestivalen, som er like rundt hjørnet.



– *Eg har bestemt meg for å få det til, seier Inger Karin Larsen, som har drive med utvikling heile livet.*

Fakta:

1. Målgruppe: Skånevikbuen, tilreisande frå regionen, bluesgjester og turistar
2. Formål: Møtestad for bygda og hotell for gjester frå inn- og utland
3. Etablert: Eigar av Skånevik Fjordhotel sidan 2005.
4. Stad: Strandavegen 2695, 5593 Skånevik
5. Nettstad: <https://www.fjordhotellet.no>

Tekst: Heidi Eikremsvik, foto: Janne Nerheim

Publisert: 8. juli 2018